
Fra: grogjeraker@gmail.com
Sendt: 9. juni 2015 19:12
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Gro prestegard Gjeraker

grogjeraker@gmail.com

Groadalen 30, 5700 Voss

Eg ynskjer IKKJE at Regjering skal tillata sundagsopne butikkar!

Sundagsfri betyr fridom både frå arbeid og ikkje minst frå handel. Me treng ikkje fleire dagar med shopping og auka forbruk. Tvert om bør Regjeringa setja i verk tiltak for å redusera forbruket i Noreg.

Sundag er ein dag for frivillig arbeid og mange brukar han til helsefremjande friluftsliv. Når butikkane er stengde, er det tid for andre aktivitetar. Sundagsturen, frivillig innsats, rekreasjon og avslapping. Ein fridag er ikkje berre godt for helsa og hovudet, det er også bra for miljøet!

Sundagsope gjer at fleire butikkar må halda ope, noko som fører til auka energibruk. Tilsette må på jobb og folk vert dregne mot butikker og kjøpesenter på ein dag med sundagsruter på tog og buss, og det vil bli langt meir bilkjøyring.

Sundagsstengde butikkar er ei viktig ramme som gjev oss andre møteplassear og måtar å vera saman på. Seks dagar i veka er kommersielle handledagar, éin dag tilbyr noe annet. Både folk og miljø treng ein kviledag.

Difor ber eg regjeringa stoppa framlegget om sundagsopne butikkar. Det er ei løysing på eit problem veldig få har, som skapar nye problem for mange fleire. Lat oss behalda kviledagen vår.

Med helsing

Gro P. Gjeraker